

Handlingsplan for Skeivt arkiv 2018

Arkiv og samlingar – innsamling og bevaring

- Begynna på ein oversikt over arkiv relevante for skeiv historie. Inkludert arkiva ved Skeivt arkiv, andre depotinstitusjonar og arkiv som ikkje er bevarte.
- Innleia dialog med Arkivverket om bevaringsplan
- Gjennomgå rutinar for innsamling og bruk av arkivmateriale
- Avklara spørsmål om søknad om tilgang til klausulert materiale
- Oppretthalda god kontakt med miljøa der relevante arkiv blir skapt.
 - Delta på Regnbuedagane i Bergen, Oslo Pride, Bodø Pride og Tromsø Arctic Pride.
 - Halda kontakten med skeive organisasjonar med tanke på bevaring av arkiv–særleg prioritert i 2018: Skeiv Ungdom og Skeiv verden
- Gjennomføra intern kursing i arkivordning, ASTA og klausulering
- Delta på relevante arkivfaglege konferansar og seminar, for eksempel Privatarkivkonferansen.
- Delta på konferansen Sexing the past i Liverpool 16.-18. mars.
- Oppretthalda kontakten med dei arkivfaglege miljøa gjennom Arkivforbundet og Nettverk for privatarkiv i Hordaland samt direkte dialog med dei som arbeider med privatarkiv i Arkivverket.
- Gjera biblioteket tilgjengeleg i publikumsarealet
- Sikra god rutine for katalogisering og utlån av bøker.

Livshistorier

- Sørgja for fagleg utvikling innan munnleg historie internt.
- Oppretthalda kontakten med andre miljø som arbeider med minneinnsamling og munnleg historie i Norge gjennom deltaking på Memoarkonferansen og i andre aktuelle fora.
- Knyta kontaktar med miljø internasjonalt som arbeider med dette (til dømes gjennom konferansen Outing the past)
- Evaluera prosjektet Skeive livsminne og vurderer forlenging. Laga ein plan for vidare ivaretaking av livsminneinnsamling ved Skeivt arkiv etter at prosjekt er avslutta.
- Sørgja for gode rutinar for rapportering for prosjektet
- Avgjera eventuell vidareføring av prosjektet for 2019

Tilgjengeleggjering og formidling

- Nytt Skeivopedia som supplement til utstillinga Skeivt uteliv, med artiklar om skeivt uteliv i Bergen
- Evaluera nettsider
- Delta på Pride-arrangement, internasjonale konferansar etc., jf tidlegare punkt

- Delta på relevante arenaer som panelsamtalar og debattar gjennom året
- Delta i relevante fora for dialog og formidling med museumssektoren, for eksempel Museumsforbundets konferanse våren 2018 og hausten 2018
- Gjennomføra utstillinga Skeivt uteliv på Universitetsmuseet i Bergen. Bidra til utstillinga «Kjær leik» på Historisk museum, UiO.
- Gjennomføra konferansen Queering the Museums
- Ha minst eit arrangement retta mot akademiske miljø / studentmiljø. Delta på fagpedagogisk dag og Open dag ved UiB.
- Lyse ut masterstipend
- Stimulera til at skeiv historie blir formidla i skuleverket.
 - Oppretthalde dialog med Christian Lomsdalen om pilotprosjekt
 - Etablere kontakt med Den kulturelle skolesekken
 - Etablere Skeivt arkiv som ressurs i Museumslosen, MULO

Utvikla og konsolidera

- Invitera politikarar til Skeivt arkiv når publikumslokala er oppgraderte med reolar.
- Senda ut årsrapport 2017 til sentrale politikarar
- Oppretthalda kontakten med UiB-leiinga gjennom møte, særleg med tanke på sikring av Skeivt arkiv økonomisk og med tanke på korleis ein kan sikra forskning på feltet.
- Senda årsrapport 2017 til UiB-leiinga
- Ha eit møte med Kommunikasjonsavdelinga med tanke på synleggjering av Skeivt arkiv.
- Synleggjera utstillinga Skeivt uteliv og konferansen Queering the museums for UB-ledelsen
- Arbeida for at Skeivt arkiv blir synleggjort godt fysisk gjennom føremålstenlege lokale.
 - Delta i arbeidet med oppgradering av lokale og arbeida for ein god framtidig løysing i hensiktsmessige lokale.